

## I slåttemusikken si høgborg – eit møte mellom to meistrar

**I 2004 var det 100 år sidan to av 1900-talets absolutt viktigaste spelemenn blei fødde. Desse to møttest framom ein bandspelar ein gong, under eit stemne. Dette møtet skulle bli noko utover det vanlege, både for dei få som fekk oppleve det, men også for fleire av oss som har vokse opp seinare. Bandspelaren til Anders Buen (1910-1977) sto på opptak, og slik blei eit kraftfullt møte godt dokumentera for ettertida. I folkemusikkmiljøet finst det heldigvis ein del slike opptak av dei beste, i sine beste stunder. Og skulle eg koma i den vanskelege situasjonen at eg måtte velja meg eitt opptak eg ville ha med meg på ei aude øy, trur eg at eg ville ha valt desse slåttane med Eivind Mo og Olav Løndal frå Bondeheimen Hotell på Notodden i 1951.**

### **Eivind Mo (1904-1995)**

*Jola 1993 var eg på besøk heime hjå onkel Hauk på Buen i Jondalen. Setesdalsspelemannen Hallvard T. Bjørgum var også der den venda, og dagen etterpå ville me på jolekappleik i Høydalsmo. Slik slo eg følgje med Hallvard, samt Marianne Berg, i retning Vest-Telemark denne 4. dag jol. Da me var komne eit lite stykkje på veg, spurde Hallvard meg: "Mein du inkji me lyt innom Eivind Mo no, Per Anders?" I baksetet sat ein 13-åring som kjende det pipla. Eg hadde så vidt helsa på Eivind på ein kappleik i Seljord da eg var enda yngre, men kjende honom ikkje. Sjølv sagt visste eg godt om honom og spelet hans, og at han fanst der oppe i Seljord ein stad - ein høgst oppegåande mann, som ein ennå kunne oppsøkje og oppleva. Men ein held seg ofte på ein viss respektfull avstand til slike storleikar – ein tør liksom ikkje trenge seg på. Samtidig visste eg òg at Hallvard kjende honom godt, så eg svara kontant ja på tiltala. Me reiste innom, og i høgsetet i stova på Nordgarden sat ein stolt, gamal mann og helsa blidt og imøtekomande på ein ung spelemann. Respekten voks, men avstanden blei borte etter fyrste handtrykk.*

Eivind var 89 år da, og han spela framleis. Men denne gongen fekk eg ikkje høyre honom støre. Han tok nokre små fyrspel, men ville liksom ikkje sleppe det laus. "Du lyt spile no," sa Hallvard. "Nei, eg vi' ikkje spela så han der høyrer det," smilte Eivind og peika på meg med bogen sin. Eg sat berre og verka etter å høyre, og det merka Eivind. Eg prøva å fortelje honom at han ikkje måtte vera redd for det – eg visste fullt ut kor god han hadde vore. Og eg visste han framleis var god. Men Eivind var gjennom kritisk til alt han utøvde, og følte han ikkje for det så blei det ikkje noko. Slik blei det heller ikkje noko å høyre denne dagen. Men du verden for ei oppleving det likevel blei. Me sat i mange timar og berre rødde. Så spela vel eg og Hallvard ein og annan slått. Dette drygde lenge og kappleiken i Høydalsmo nådde me aldri fram til. Da me kom opp dit var festen forlengst i gong. Men eit slikt møte med ein slik mann betyr så uendeleg mykje meir enn ein kappleik frå eller til. Og kjensla eg fekk da Eivind sa far vel og "Du må koma att", kunne ikkje ein lusen kappleiksplassering hamle opp med. Slik blei det fleire turar opp til honom, og eg lærde honom og spelet hans å kjenne på denne tida, fram til han gjekk bort tidleg i 1995.

### **Da Eivind sjølv var læregut**

Eivind Mo var født på den øvste av dei to ærverdige Mo-gardane i Rauland. Han voks opp i ei tid og på ein stad der det ikkje var anna musikk enn kvedinga og slåttane, og hardingfele var

like naturleg for bygdefolket, som naturen sjølv. Og like naturleg var det for ei kunstnarspire som Eivind at det var hardingfela han skulle ty til når han kjende spira grodde.

Så var han også nære innpå det i heimen. Der hørde dei stadig på grammofonplater med dei store meistrane i den tida. Særleg var opptaka med Eilev Smedal gjæve. Storebror Nils spela òg. Eivind tjuvlåna fela hans og stal seg til å spela. Mange av dei største spelemennene har gjort nettopp dette da dei var smågutar – det er akkurat som det er noko dei må om dei vil eller ikkje – får lov eller ikkje. Slik prøva han seg fram litt på eiga hand i byrjinga.

Mor til Eivind var syster av spelemannen Høye Kvåle (1879-1967) frå Flatdal i Seljord. Han var tidt og ofte heime hjå familien på Øvre Mo. Den verkelege meisteren mangla i Rauland, og difor blei morbror Høye den fyrste verkelege læremeisteren åt Eivind. Her fekk Eivind henta ned mykje av det ekta spelet etter den vidgjetne Håvard Gibøen (1809-1873) på Møsstrand.

Ein annan meister var også ofte innom; den nesten 10 år eldre Olav Groven (1895-1929). Han hadde eit vinnande vesen; ”Det flamma liv i den mannen. Det sprudla,” sa Eivind; ”Det var gjævt alt eg fekk av honom”. Det han fekk her var i stil og lynne meir i Møllargutånd – noko ganske annleis frå kva han hausta av Høye. Men Eivind hadde allereie mykje å gje attende til Olav av slåttar, og dei bytte seg i mellom. Forholdet mellom desse to blei meir eit kameratskap mellom to meistrar.

### ***Konsertar, kappleikar, dømning og radiospeling***

I 20-åra reiste Olav Groven og Eivind Mo på turné i Telemark. Eivind og Tore Høyset frå Hovin - ein spelemann som Eivind snakka varmt om, men som døde ung - var også ute på vegen. Han merka da at interessa var dalande for slåttemusikken. Eivind hadde ei tid vore fast spelemann på dansane i Rauland. Dette hadde han mykje gode minne frå og visste ikkje tal på kor mange kveldar han hadde spela der til langt på nått. Det var typisk for dei gamle, fortalde han, at dei hadde laga sitt eige særpreg i dansen - og dei som dansa kjende musikken og slåttane så godt at han nærmast kunne styre dei med bogen. Eivind hadde stor moro av å sjå på dei som dansa, lot seg inspirere og blei riven med. Slik blei det eit veldig samspel mellom spelemannen og dansarane. Ei jente frå Rinde på Rauland som hadde vore og dansa mykje etter Eivind i ungdomen, hadde i seinare år sagt til sonen, doktor Arve Mo, at: ”Du skò’ vita hòss mange gongur eg måtte ut og gråte mens far din spela.”

Eivind opplevde dei fyrste åra da hardingfela fekk konkurranse av andre instrument – og trekkspellet overtok danselokala. Men han heldt fram med å spela til dans likevel – i saman med trekkspel. Denne tida spela han også i saman med ein lærar som spela fiolin. Slik må ein sei at Eivind var veldig tidleg ute med å spela saman med andre instrument, i alle høve her i Telemark.

Eivind Mo var også ein av dei aller fyrste som spela hardingfele i radio. Han spela der før Eivind Groven fekk i stand dei faste folkemusikkhalvtimane i 30-åra. Dette var i 1927, og han spela på direkten. Seinare spela han ei rekkje gonger i NRK, heilt fram til 1979.

I 20-åra var han aktiv på kappleikar. Fyrste kappleiken han deltok på var på Rjukan da han var 16 år. Her fekk han 1. premie i yngste klasse og sidan fekk han ikkje anna enn 1. premiar – heilt fram til han nærmast la opp som kappleiksspelemann kring 1930. ”Den tida hadde eg veldig glede av å spela for folk. Det var nesten det eg levde fe’,” fortalde Eivind. Seinare deltok han ikkje støre på kappleikar, men vann likevel Landskappleiken 2 gongar – i 1939 og

1949. I staden for å deltaka var han heller med og dømte – og var ein respektert, kritisk og frykta dommar i mange år.

I 1956 blei det skipa til Festspelekappleik i Bergen. Her var det berre spesielt innbydde som fekk vera med, og det var ein pengepremie som fyrstepris. Eivind blei nr. 2 her, bak Gjermund Haugen. Så samla dei seg eit knippe storspelemenn på Hordaheimen etterpå; Kjetil Løndal, Odd Bakkerud, Torleiv Bolstad og Eivind. Eivind var i spellag den kvelden og hadde spela mykje òg; ”Så sae dei det, Odd Bakkerud og Torleiv Bolstad, at dei hadde aldri høyrte slikt spel,” mimra Eivind; ”Det trur eg ikkje va’ rektig, altså, men dei sae nå det.” Slike lovord betyr mykje meir enn eit kappleiksresultat.

### ***Eilev Smedal, Torkjell Haugerud og Johannes K. Dahle***

Spurde ein Eivind om kven han heldt høgast av dei spelemennene han hadde høyrte, variera dette noko mellom Torkjell Haugerud (1876-1954) frå Bø, og Eilev Smedal (1889-1938) frå Flatdal. Ein gong sa han: ”Det va’ nok Tarkjell - men det va’ noko tjurt. Eilev hadde liksom meir ljom i fela.” Slik fekk han ikkje sett den eine over den andre, og desse to var tydeleg dei aller største ideala til Eivind. Eilev var kirurg i Amerika, og det var ikkje mykje Eivind fekk vera med honom. Men han var heime i Noreg to gongar – i 1928 og 1935. Både desse gongane lærde han mange slåttar av honom. Eilev var av Gibøtt og lærde ein del av bestemor si, som var syster av Håvard Gibøen. Men Eivind var overtydd om at det fyrst og fremst var Fykerudspel Eilev la seg etter, da han såg veldig opp til Halvor Borgen Uvdal (1879-1923) frå Bø. Vidare var Eilev inspirert av Svein Løndal (1864-1929) i Tuddal. Høye Kvåle hadde jamvel sagt til Eivind at: ”Dei oppi Flatdal bryr seg ikkje om Kjetil Håvardson (son åt Gibøen) nå.” Høye var nok ikkje begeistra for at smedølane la seg meir til Fykerudstilen. Men slik fekk Eivind ein liten dråpe også frå den trea store i Telemark; Lars Fykerud (1860-1902) frå Sauherad. I 1928 sa Eilev til Eivind: ”Eg syns spelemennene i Telemark nå bjøndar å bli for mykje vestlendingar. Du må endeleg prøve å legge spelet ditt i onnor låm.” Eilev sikta nok mykje til Haugerud her.

Ein kan altså trygt seie at Eivind voks opp i ei tid der spelemenn ikkje var heilt einige seg i mellom om kva som var ekta slåttspel. Men alt tyder på at Eivind ikkje lei noko naud av den grunn, men henta det han syntest var verdt å hente der det høvde honom. Da han i 1931 gifte seg med Tone f. Li frå Seljord, som også var dyktig felespelar, busette dei to seg etterkvart på Nordgarden i Seljord – og her blei dei næraste naboane til Torkjell Haugerud. Torkjell var den spelemannen med absolutt størst repertoar og hadde spel frå dei fleste meistrane. Her blei det verkeleg spela gardimellom. Ikkje berre lærde Eivind slåttar av Torkjell, men også Tone, som var veldig gjæv for Haugerud, lærde mange slåttar av honom – og Eivind lærde dei att av Tone.

Tone var også særst begeistra for spelet til Johannes K. Dahle (1890-1980) i Tinn – ein spelemann som sto i fjellstø Gibøtradisjon. Det passa Eivind godt, da han alt i frå ungdomen av hadde hatt ein spesiell hang til Gibøslåttane. Høye Kvåle hadde allereie påverka honom i den retning, og Håvard blei personifiseringa av kva Eivind higa etter i spelet. Tone og Eivind vitja Johannes mange gongar, spesielt i 50-åra. Johannes var også hjå Eivind ei heil veke i høve eit kurs han heldt i Seljord. Denne veka lærde både Eivind og Torkjell Haugerud mange slåttar av Johannes. Haugerud og Mo la medvite desse slåttane om frå den skeive naturtoneskalaen til Johannes og over til meir temperert tonalitet. Da dei hadde lært ein Gibøspringar på nedstilt (den som seinare har blive kalla ”Eivind Mo”), sa Haugerud til Eivind: ”Du veit, me kan ikkje spela’n på den måten der.” Eivind angra noko på dette i seinare tid, og sa om Joahannes at: ”Han kunne spela usedvanleg fint når han var på rette laget

– i naturtoneskalaen sin.” og vidare sa han om denne skalabruken: ”Uendeleg fint, om ein råkar på rette staden. Og det var vel det Håvard Gibøen var ein meister til.”

### **Læremeister og slåttediktar**

I store periodar av livet var ikkje Eivind nokon aktiv spelemann – anna dyrka det i heimen og i blant gode vener. Det var langt i mellom kvar gong det store publikum fekk høyre honom etter han gav seg som kappleiksspelemann. Banksjefjobben i Seljord Sparebank og anna tok mykje tid. Men mange var dei som oppsøkte honom og dei reiste aldri tomhendte heim.

Eivind Mo var ein særdeles oppegåande spelemann og særst medviten på kva han dreiv med. Han var oppteken av å legge slåttane ”i rette låmi”, som han sa – at slåttane blei plassera der dei høyrde heime. Slik evna han ofte å plassere det meste av det han spela etter anten Håvard Gibøen eller den enda eldre Jon Kjos i Åmotsdal. Så var det også Gibøspelet han sette høgast.

Han var ein særst god rettleiar i spel, med ei fantastisk evne til ordleggje seg,. Var han ikkje nøgd sa han klårt i frå om det. Ein spelemann som kom der ein gong ville veta kva Eivind syntest om spelet hans. Han fekk denne responsen: ”Du kunne prøva å spela orgel.” Noko han la veldig vekt på når han instruera var dette med triolar – eller ristetak. ”Det er på ristetaki du ser om det er spelemann,” sa Eivind. Desse skulle vera lette og uanstrengte og raske i vendingane. Vidare var han oppteken av at kvar og ein skulle finne sitt spel. Det var i god tråd med tradisjonen etter sine læremeisterar. Torkjell Haugerud sa til Eivind: ”Du må ikkje bli forundra om takje blir ansless neste gong.”

Likevel var det mykje verdt å ha sans for forma, men om ein prøva å spela det på same måten som læremeisteren så blei det ikkje likt likevel, meinte Eivind; ”Det æ nettupp det som he’ vøre rikdomen – at folk he’ lagt te’ sitt eige. Eg held det som ein absolutt nødvendighet og styrkje å kunne nettopp det,” sa han.

”Du har ei gudegåve med det at du kan variere,” sa han til meg ein annan gong. Men var det nokon som hadde ei slik gåve så var det Eivind Mo. Slåttane levde sitt eige liv i Eivind sine nevar. Dei synde seg aldri heilt likt. Og stundom kunne det openberra seg heilt nye slåttar – slåttar som berre kom til Eivind frå inkje, og forsvann gjennom honom ut i det same inkje. Nokre få gongar fekk ein foreviga desse, så dei lever vidare som fullverdige slåttar i dag. Dette er ”Fagerheimen”, ”Steinars minne” og ”Dansarbergja” – slåttar som blei brådikta og spela inn på band. Vidare har me slåttar som ”Eivinds minne”, ”Anders Kjerlands minne”, ”Tone”, ”Huldrebudeia under Skarsnuten”, ”Kvambekkheii”, og to namnlause slåttar, ein springar og ein gangar. Desse slåttane har kome til på litt ulikt vis. Nokon kom ”som dettande frå ei sky”, som han sa – mens andre måtte han gå meir og gruble over. Likt for dei alle er at ein også i komponeringa til Eivind høyrer ein variasjon- og fantasirikdom som er lett gjenkjenneleg frå måten han spela eldre slåttar på. Alle er dei originale, men fullt på høgde med dei gamle.

Spelet til Eivind var lag på lag med kvalitet. Det var ei enorm framdrift – han stoppa ikkje opp og dvelte. Der var ikkje noko tvil. Slåtten måtte heile tida vidare. Dette gjorde at du blei dregen med og fanga inn i hans fantasi. Det var takande reint og elegant og i djupet låg heile tida ein inderleg lyrisk undertone som grøtte. Slik stend Eivind Mo att som ein av dei aller ypparste spelemennene på 1900-talet. Han var ein slik som ikkje bråka medan han levde, men det blei så uendeleg stille da han blei borte. Difor blir han aldri heilt borte.

## **Olav S. Løndal (1904-1986)**

*Eg kan minnast den gamle meisteren så vidt i frå eg tråkka mine barnespor i Tuddal for å vitje familie, eller var med mor mi på stemne eller eitkvart anna. Men som smågutar flest var eg ikkje åndeleg utvikla nok til å legge merkje til noko spesielt mykje meir enn at han var ein gamal, koseleg kar. Samtidig var han allereie ein naturleg del av livet mitt da Olav Løndal var eit namn som stadig blei nemnt rundt meg av onklar og andre kringom. Eg hugsar eg som 6-åring fekk høyre at han hadde gått bort. Difor døde diverre Olav medan eg var for liten til å merkje meg så mykje ved honom. Det har ergra meg mang ein gong at eg kom akkurat litt for seint. Men Olav har likevel blive eit føredøme – både gjennom det storfelte eg får høyre på opptak, og det eg har lært av onklane mine, Knut og Hauk, som begge var elevar og beundrarar av Olav.*

### **Faderen og Sonen og dei heilage hendene**

Olav var den eldste av sønene til Gunhild og meisterspelemannen Svein Løndal (1864-1949). Han byrja å spela som 13-åring. Fyrste slåttan han sette i gang med var "Lomelden" - ein avansera gangar etter Halvor Borgen Uvdal (1879-1923) i Bø. Halvor var ein særleg god spelemann og elev av Lars Fykerud. Svein tala veldig fint om honom og dei spela nokre av hans slåttar i Løndalsfamilien. Venen Lars Fykerud (1860-1902) hadde i alle år vore eit av dei største ideala til Svein, men dei siste leveåra snakka Svein like fint om Halvor.

Det var i den tida familien budde i Eksli, ein plass under Løndal, at Olav tok dei fyrste bogadraga. Han byrja på ei tyskerfele som felemakaren John H. Tjønn i Tuddal etterkvart skifte skalle på og bygde om til hardingfele. Men mor Gunhild lika ikkje heilt at sonen synde interesse for å lære å spela. Ho låste fela hans ned i ei kiste i buret. Olav stal seg likevel til å spela her. Det rann jamvel ein bekk under dette buret og Olav syntest liksom bekken spela med honom. Far Svein sa korkje noko mot eller for – han ville vel ikkje seie i mot Gunhild. Men etter ei tid fekk Olav lov til å spela på fela åt far sin. Bygdediktaren Olav J. Rui fortalde dette om nybyrjarfasa til den komande meisteren: "Han stræva lite han au te byne med, men so smatt'n som oto ein sekk, o' va fullgo' spelemann med ein gong. Ja, det va' rart å høyre håss'n fekk krulla det te."

Snart fekk Olav vera med far sin ut på speling. Slik var dei to m.a. innom på Buen i Jondalen da dei drog på konsertferder til Numedal. Den naturlege løypa gjekk til Gransherad og vidare derifrå til Buen. Så låg dei over hjå spelemannen Asmund Buen (1869-1935) og gjekk vidare over åsen til Numedal morgonen etter. Hauk Buen gav Olav eit fotografi etter bestefar sin som var teke på denne tida. Dei to stend her på utsida av husa - Svein med felehuset i rjupesekken. Olav var berre vel så konfirmant den gongen. Dette vitnar om at sonen tidleg synde faderen kva han sto for og ein stolt far kunne taka honom med på sine ferder.

### **Ein ekstatisk heimens spelemann**

Olav var fyrst og fremst ein heimens spelemann. Slik var Olav ikkje allstøtt like heldig på kappleikar og deltok ikkje fullt så mykje som brørne Einar (1914-2006) og Kjetil (1907-1987). Men i Bø lika han seg og der gjorde han nokre av sine største bragder. Eit år tok Løndølane storeslem her – da toppa Olav fyri dei to brørne. Ei anna vende spela han på kappleik på Folkets hus i Bø. Da spela han "Sevlen" på ein slik måte at sjølvaste meisterspelemannen Gunnulf Borgen, bror åt den tidlegare omtala Halvor, reiste seg opp og sa: "Slik har eg eller hørt Sevle'n blive spela sea Fykeruden levde!" Trass i låg kappleiksdeltaking og kappleiksnerver greidde likevel Olav å vinne mykje – m.a. gullmedalje på Lars Fykerudstemnet i Kongseberg i 1960, myllargutmedalja i sølv og ei rekke 1. premiar på ulike stemne.

Historiene er mange blant dei som har opplevd Olav i slutta lag. Det seiast at når han byrja å trampe med hælane; da var han i spellag. Heldigvis for oss som ikkje rakk å oppleve dette finst det nokre gode privatopptak av nettopp slike stunder. Det spelet Olav her presterer er av det absolutt beste ein kan høyre på. Han får fram noko overnaturlig, som om det ikkje er botn i honom. Set ein på desse opptaka skjønar ein kva Knut Buen meiner da han i minnediktet om Olav skriv: "...djupt me røyner at spela slik som deg er det me vil!"

Olav kom nesten i ekstase der han kjende seg heime og fekk vera fri. Knut Buen fortel at han ei vende stemde i med "Bjølleslått" på eit samkome på Tuddal Turistheim. Folk blei sitjande som fjetra og da slåtten tona ut blei det enorm jubel for dette store som hadde hendt. Men Olav reis opp og rett ut, bleik og med eit alvorsamt drag over andletet. Nokon gjekk ut etter honom og lovorda hagla. Men Olav svara: "Å ja, eg veit ikkje eg. Somtid kjem det ivi ein so det e' reint uhyggjeleg."

Det er ikkje mange som får oppleve dette og det gjer nesten vondt for den som opplever det. For å kome i eit slikt lune må ein ha ei evne til å gå så djupt inn i musikken at det er vanskeleg å koma ut att. Denne evna hadde tydeleg Olav slik denne historia vitnar om.

### ***Fantasifull slagkraft***

Knut Buen fortel òg om ei vende han sette på opptak med Olav for komponisten Arne Nordheim. Det var "Tullar-Margit" som tona ut or høgtalarane, og den kjende komponisten sa: "Spill det en gang til. Dette var en opplevelse å høre." Knut spola attende så Nordheim fekk tilfredsstilt sitt ønskje. Etter andre gjennomhøyring var Nordheim like imponert: "Dette ga den samme oppleving som en god symfoni. Så metta var denne slåtten på nyansert musikk."

Olav J. Rui uttala tidleg om Olav at "det va' rart å høyre hås'n fekk krulla det te". Akkurat dette med korleis Olav fekk krulla det til, skulle bli eit varemerke for spelet hans. Han krulla det til både med fingrar og boge – kunne vende taka i alle retningar så ein blei reint forundra over slik ein fantasirikdom. Enkelte har hevda at det i Løndalspelet blir for mykje krulling – ornamentering med fingrar – og at dette kjem i vegen for melodien i slåtten. Dette er sjølv sagt ei smakssak, men smak må aldri bli forveksla med skjønn. For i Løndalspelet er dette ein viktig del av spelet. Det er eit rikt mangfald av variasjonar innan ornamentering og nesten fritt for det ein kan kalla standardornament som ein høyrer i veldig mykje anna spel. Sjølv sagt er triller og likringar også her ofte som krydder, pynt eller utfyllingar å rekne. Mykje av dette er særskilt teknisk vanskeleg å gjennomføre og dei færreste får det til. Slik kan mange oppfatte det som brifing med god teknikk. Men det er langt i frå kva det er om ein skjønar kva som skjer: For ofte går mange av desse krusedullane inn i sjølve melodien, og kan ikkje takast bort. Slik står dei ikkje i vegen for melodien, men er i melodien. Det er noko som sit langt inne i djupet og som må ut – som vulkanutbrot frå det indre.

Olav var fantasifull av natur og dette kom fram i spelet hans, men også i nyskapinga. Slåttar som "Blåtjønn", "Måltrosten" og "Rakjen" er slåttar frå hans hand. Han laga fleire enn desse, men ikkje alltid hugsa han dei etteråt. Broren Einar fortel at han stundom kunne koma til Olav med ein slått, og Olav spurde så: "Hått e' dattan fe' slått, da?" "Det må no væl du vøtå, du som he' lågå'n," kunne hin svara.

I dei glimrande stundene til Olav var han enormt slagkraftig i spelet. Denne evna hadde han også i replikken. Ein gong kom det ein kar til honom med ei fele han ville ha Olav til kikke på. Olav gløtte inn i fela og såg at ho var noko oppe i liminga. Han stirte ei lita beite og spurde: "E' ho møsjå dannan, da?"

Ein sumar det var så tørt sto Olav og grov grøfter. Ein turist stoppa opp og undra seg på kvifor han gjorde detta nå som det var så tørt. "Det e' fe sveitten det," svara hin.

Ei ana vende sat Olav og broren Einar og spela hjå ein kjenning i Østerliheia i Bø etter ein kappleik. Olav var på enormt spellune og Einar utbraut: "No e' du på lag te spøla Ola'. Fela syns liksom låte a' seg sjøl." Men her var ikkje Olav heilt einig: "Å, eg syns no'n må drågå, eg."

### ***"Nå må det vera stille her, for nå får de høyre Ola"***

Brørne Hauk og Knut Buen er vel i dag kanskje dei aller mest kjende eksponentane for spelet etter Olav Løndal, i alle fall utanfor dei indre miljøa.

Hauk kom tidleg i kontakt med Løndølane gjennom far sin. "Far nærmast tvangsfora oss med Løndalspel," fortel Hauk. Løndalspelet hadde vore gjævt der i huset heilt i frå bestefaren Asmund levde, og Hauk fekk slik tidleg innføring. Han fortel at han ikkje var redd for å spela for Olav: "Han var god å spela for. Eg hugsar eg spela 'Så spela far juleftan', også sa han: 'Ja, akkurat slik!' Så spela eg nokre tak som eg hadde etter Olav Evju; 'Ja, slik kan du spøla å...' sa Olav. Han sa ikkje at det var gale – det var akkurat som han au kunne det, og det gjorde han vel au. Men så sa han au det at 'Det har du lært ta meg!' somme tider."

Hauk kan også fortelje om ein gong det var stemne i Tuddal. Hauk gjekk att og fram forbi huset til Olav nokre fleire gongar saman med andre stemnefolk. Han såg Olav inni huset og nikka bort til honom, men han skjøna at Olav helst ville vera aleine. Men så vinka plutseleg Olav på Hauk og Hauk gjekk inn. "Nå vi' eg spøla," sa Olav. Så blei dei einige om at dei skulle følgje bort til spelemannen Hølje Landsverk. Dei gjekk bort og heime hjå Hølje var det fullt av spelemenn, mellom andre Bjarne Herrefoss.

Ein kar som hadde vore tenestegut hjå Halvor Borgen var der òg - ein gamal mann som budde i Drammen. Han snakka om Halvor Borgen så tårene trilla. Han elska det spelet. Så tok Olav fela og til å spela; "Og det var ikkje eit tørt auge," fortel Hauk; "Da spela han så godt, altså! Den eine slåtten bia ikkje den andre." Men etterkvart sa Olav til dei andre at han ikkje ville meir og han gjekk ut og heim. Utpå same eftan kom han gåande ovanfrå aleine med fela under armen, og sette seg med nokre karar på ein lyngrabbe ved Fossehelli, samfunnshuset i bygda. Olav tok opp fela att. Han var i sama laget da. Hauk var i forsamlinga også denne gongen og sa til dei andre: "Nå må det vera stille her, for nå får de høyre Ola. Det er ikkje sikkert det er så mange gongar de får høyre hanom meir." Dette var faktisk siste gongen Olav synde seg med fele. "Da spela han fleire slåttar igjen, heilt makalaust," fortel Hauk.

Dette med å ha lune til å spela var veldig viktig for Olav, og at han fekk fela til å lystre ordentleg; "Da var det ein fantasi som var veldig rar," minnast Hauk.

### ***Fykerud og Løndal***

Ein gong Olav låg på sjukehuset og det kjendest som det nærma seg slutten, besøkte Hauk honom. Han spurde da Olav litt ut om kva han trudde om Løndalsspelet - korleis det har oppstått. Om det var eigen fantasi eller kva det var. Olav svara på dette og sa til slutt: "Å, det va' væl Lars." Han fekk skulda. Vidare fortalde Olav: "Det var ein gong i 1931 - eg va' ute på noko nødsarbeid på Nautesundbrua. Også va' det ein kveld eg o' ein te' blei enige om at me sku' upp o' besøke ein ungdomsven av Lars Fykerud som hette Ola Haugedal. Me gjekk oppover der o' da me kom te Haugedal så gjekk'n utpå jordet der o' pløgde med hesten sin. O' da'n såg det at me kom med feleskrin so hoppa'n ivi hesten, den gamle mannen – o' spende i frå med ein gong. O' inn bars det." Det kom fleire folk der etterkvart. Denne Haugedal hadde sett opp ei lita stugu for Tore Fykerud, syster av Lars, like ved der. Så var det nokon som sa dei ville bort til ho og narre henne – ho hadde blitt noko åreforkalka, meinte

dei. Da ville dei sei at ein annan bror, Hans Fykerud, hadde kome att i frå Amerika og at ho måtte koma ned og høyre på honom. Tore blei i fyr og flamme. Ho kom uti gangen og hørde spelet inne. Så sto ho og lydte; ”Nei, detta der e’kje Hans. Men kanskje Lars,” sa ho. ”Men du veit vel det at Lars e’ død for mange år sea?” spurde dei henne. ”Ja, eg veit væl au det,” sa ho; ”Men det e’ slåttæn hannoms!” Det var stygt gjort å freiste lure Tore, men dei greidde så visst ikkje det.

### **Læresveinane**

Mange er dei spelemenn som respekterer Olav. Han hadde mange elevar, og fleire av dei har blive verkelege einarar med Olav si hjelp. Nils Sletta i Tuddal fekk lære mykje der, og ein heil skokk med unge talent i bygda vitja heimen hans og ville lære. Brørne Gunleik, Nils og John K. Bondal lærte kunsten. Og Torkjell Tveiten, Knut Buen og Olav sin eigen son, Svein. Dei var alle læresveinane til Olav og gjorde det godt på kappleikar – ikkje alle like aktive, men alle har dei hevda seg. Slik var det i heimen til Olav eit lite akademi – med ein meister og alle hans læresveinar. Og me er mange ennå som lærer av honom.

### **Meistermøtet på Bondeheimen**

Spelemannen og felemakaren Anders Buen kjente ein kar på Tandbergfabrikken og slik fekk han tak i eit Tandbergapparat før det eigentleg kom i handelen. Dette tok han ofte med seg når han var på stemner og liknande. Dei fleste spelemenn hadde da aldri høyrte seg sjølve spela – det å kunne spela inn for så å høyre seg sjølve att etterpå, det var noko nytt. Lydband var riktig nok kjent frå Tyskland og Kringkastinga hadde dette, men dei som hadde vore til NRK for å spela inn i folkemusikkhalvtimen hadde vanlegvis berre spela det inn på direkten utan moglegheit til å høyre det att. Slik var denne nyanskaffa mobile utgåva til Anders Buen eit nytt møte for mange spelemenn, og dei var ofte veldig interessera i å høyre seg sjølve, fortel Hauk Buen.

Anders Buen reiste med denne opptakaren, samt ei Olav K. Venås-fele frå 1931, til Notodden der det i regi av Fjellrosa blei skipa til stemne sommaren 1951.

Anders og Hauk hadde leigd seg eit hjørnerom på Bondeheimen Hotell.

På rommet til Anders og Hauk blei det god stemning. Det var mykje folk som kom ut og inn. Mellom anna kom Johannes Fykerud, son til Lars – og spelemenn som Anund Haugan, Hølje Landsverk, Bergit Tjønn, Einar Løndal og Gjermund Haugen.

Men det var to andre meistrar som verkeleg skulle setja spor etter seg akkurat denne gongen. Hauk Buen fortel: ”Olav Løndal kom inn. Og så kom Eivind Mo. Og da blei det liksom ein slags heilagdom da dei sat og hørte på einannan der. Alle dessa tre karane – Fader, Olav Løndal og Eivind Mo – dei var kritiske kvar for seg, men dei måtte vera lutter øre når ein av dei spela. Så det var liksom spel på sitt ypparste av den grunn. Dei fekk spela på den gamle Venåsfela etter far min som eg bruka i heile min ungdom. Dei råka einannan aldeles rektig, og eg hugsar Eivind sa: ’Det æ grueleg god fele’. Han spela den eine slåttæn etter den andre, og Olav han lydte med lange øyrur og sa at: ’Det va’ for mykje bråk på rommet her. Det må vørå stille når Eivind spør!’ Heile atmosfæren blei liksom så oppbygd. ”

Korkje Eivind eller Olav deltok på kappleiken – den var det Gjermund Haugen som toppa, slik han stort sett gjorde det desse åra. Men dei få som fekk oppleve den ”interne kappleiken” på hjørnerommet til far og son Buen, fekk ei av sine største opplevingar med desse to. Hauk var berre 18 år, og torde så visst ikkje spela for desse meistrane. Men det var heller ingen



andre som drista seg til og Hauk Buen skildrar det slik: "Å koma inn på det rommet den vanda; det var som å koma inn i høgborga." Venåsfela fekk verkeleg prøva seg og noko ekstatisk hendte, både mellom spelemennene og fela, men også spelemennene i mellom. Dei lot seg ikkje ense av at det stod ein bandspelar på – det var dei heller berre nyfikne på; "Dei syns nok det var ein raritet, men dei prøva å legge seg i selane - dei erta einannan opp. Når den eine gjorde det så ville den andre gjera det. Du veit korleis det er på ein kappleik," mimrar Hauk. Og han fortel vidare: "Eg la så godt merkje til det når inspirasjonen kom over Eivind der; at både Olav og far min sat nesten og humra. Da var det bare den musikken som fanst. Og om det var nokon som bråka så blei det sagt ifrå. Og det er det eg meiner at indikerer at her var det noko som skjedde som var veldig viktig." Ingen fekk slik lov til å forstyrre eller uroe desse som sat i høgborga – ingen andre slapp til: "Nei, dei hadde ein høg respekt. Når Olav sa noko så blei det høyrte etter. Dei torde ikkje mukke. Og slik var det når Eivind sa noko au. Og ikkje minst Hølje Landsverk - han var nokså autoritær. Han au var innom, veit du," fortel Hauk.

Slik sit me i dag att med opptak av både Olav Løndal og Eivind Mo der dei presterer på sitt ypparste. Slikt spel er heilt suverent og overskuggar all tørrprat det fort kan bli kring spel. Det går ikkje an høyre på dette og samtidig tenkje på om dei spelar rett eller gale, eller om dei kunne gjort det annleis. Det er berre musikk på høgaste nivå - og ingenting anna.

For oss som lever over 50 år etter dette skjedde er dette heilt unike opptak. Sjølv om det opphavleg berre var nokre privatopptak har det ein kan kalle piratopptak av dette florert i nokre krinsar i folkemusikkmiljøet. Slik har dette møtet blive eit av dei få legendariske møta som er godt dokumentert og som ein i ettertid verkeleg kan prove at var noko heilt utanom det vanlege. Samtidig har me dokumentasjon og prov på kor store utøvarar jamaldringane Eivind Mo og Olav Løndal verkeleg var.

Med slike opptak av desse karane vil alltid me yngre spelemennene ha noko å streve i mot. Og ein kan med sanning seie at denne høgborga ikkje er for alle å koma inn i.